

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 3 2011

Marilyn Monroe

Side 2-3

R.Skretting

Side 4-5

Jærmessa

Side 12-15

BU sin landsleir

Side 28-29

Speedway i vekst

side 10-11



Foto: Fredrik Refsum,
Stavanger Aftenblad



Marilyn Monroe

- litt Håbu?

Dersom han som står oppført som far på Marilyn Monroes fødselsattest er hennes far, så har hun flere firmenninger på Varhaug!!



Den 18. mars i år, hadde Stavanger Aftenblad en artikkel som fortalte at Marilyn Monroe slett ikke stammet fra Haugesund. Artikkelen tar utgangspunkt i slektsgransker Arnfrid Mælands undersøkelser, og konkluderer med at faren var amerikaner, men at farfaren kom fra Stavanger. Da jeg leste videre ble jeg skikkelig “forveden”, for der stod det:

“Mælands gjennombrudd kom da hun fikk bekreftet identiteten til Marilyn farfar, noe hun fikk i fjor sommer. Godt hjulpet av det amerikanske forsvaret som identifiserer Martin Edward Mortensens far som Martin Mortensen, født 8. februar 1861 i Stavanger. Hans far var Morten Abrahamsen fra Annisdal i Hå og moren var Ingeborg Kristine Ådnesdatter (som byttet navn til Tollefsen), født i Stavanger av foreldre fra Åsland i Time.”

Tenk om han virkelig var faren, og tenk om det er folk rundt oss som er i slekt med denne verdenskjente legenden – mer kjent for sitt ville liv, sine forhold og ekteskap enn for sitt talent som skuespiller og

sanger? Hvem kunne det i så fall være som var i slekt med henne her på Varhaug? Det måtte jeg finne ut. Bygdaboka ble tatt fram, og etter et par minutter var Morten Abrahamsen fra Aniksdal funnet. Han var eldste sønn av Abraham og Anna på Aniksdal. De kalte ham Store Morten – kanskje fordi en av hans brødre også ble døpt Morten – Litle Morten. Han var bygningsmann og senere handelsmann i Stavanger. Han var ett av ti søsken.

Det neste var å finne ut hvor søsknene hadde tatt veien. Flere av dem giftet seg på Jæren.

En av dem, broren Abraham, hadde en datter som het Martine. Hun giftet seg med Rasmus Asbjørnsen Auestad, og de ble foreldrene til Anton som drev butikk på stasjonen på Varhaug, og Karl som drev garden Trånerodlå. Verden er ikke stor! Martin Edward Mortensen som kanskje var Norma Jean Mortensens far (det er hennes virkelige navn), var tremenning til Anton og Karl!

Local Registered No. 13701

STANDARD CERTIFICATE OF MARRIAGE
PERSONAL AND STATISTICAL PARTICULARS

GROOM		BRIDE	
1. FULL NAME Martin E. Mortensen		1. FULL NAME Gladys Pearl Baker	
2. RESIDENCE 7214 W. Santa Barbara Los Angeles		2. RESIDENCE 1211 Hyperion Ave. Los Angeles	
3. COLOR OR RACE White	4. AGE AT LAST BIRTHDAY 27	3. COLOR OR RACE White	4. AGE AT LAST BIRTHDAY 22
5. SINGLE, WIDOWED OR DIVORCED Divorced	6. NUMBER OF MARRIAGE 2nd	5. SINGLE, WIDOWED OR DIVORCED Divorced	6. NUMBER OF MARRIAGE 2nd
7. BIRTHPLACE (State or country) Calif.		7. BIRTHPLACE (State or country) Mex.	
8. OCCUPATION (a) Trade, profession, or particular kind of work Veteran		8. OCCUPATION (a) Trade, profession, or particular kind of work Negative cutter	
9. General nature of industry, business, or establishment in which employed (or employer)		9. General nature of industry, business, or establishment in which employed (or employer) at Studios	
10. NAME OF FATHER Martin Mortensen		10. NAME OF FATHER O.E. Monroe	
11. BIRTHPLACE OF FATHER (State or country) Norway		11. BIRTHPLACE OF FATHER (State or country) Unknown	
12. MOTHER'S NAME OF FATHER Pete Higgins		12. MOTHER'S NAME OF FATHER Dell M. Hogan	
13. BIRTHPLACE OF FATHER (State or country) Mo.		13. BIRTHPLACE OF FATHER (State or country) Mo.	
14. MOTHER'S NAME OF BRIDE, IF SHE WAS PREVIOUSLY MARRIED Gladys Pearl Monroe			

Vielsesattesten til Martin E. Mortensen og Gladys Pearl Baker



Local Registered No. 1731

STANDARD CERTIFICATE OF BIRTH

County of _____ City or Town of _____ (No. _____ Hospital St.; _____ Ward)

or Special Register District _____

1. FULL NAME OF CHILD
Baby Norma Jean Mortenson

2. SEX OF CHILD
Female

3. DATE OF BIRTH
June 1 1926

4. TIME OF BIRTH
11:24

5. FULL NAME OF FATHER
Edward Mortenson

6. FULL NAME OF MOTHER
Gladys Monroe

7. RESIDENCE
5444 W. 13th St. Los Angeles, Calif.

8. COLOR OR RACE
Cauc

9. AGE AT LAST BIRTHDAY
24

10. BIRTHPLACE
(State or country)
Calif

11. BIRTHPLACE OF FATHER
(State or country)
Cauc

12. BIRTHPLACE OF MOTHER
(State or country)
Mex

13. OCCUPATION
(a) Trade, profession, or particular kind of work
Baker

14. General nature of industry, business, or establishment in which employed (or employer)
Mellon Picture Lab.

15. Number of children born to this mother, including present birth
3

16. Number of children of this mother now living
1

Fødselsattesten til Norma Jean Mortensen

Slektstreet til Norma Jean Mortensen ser slik ut:

Morten Abrahamson, født 7.9. 1823 gift med datter til Ådne Tolleivson Åsland i Time.

Deres sønn:

Martin Mortensen født 8.2. 1861. Til USA 1878. Gift med Stella Higgins 10.10. 1894 (Irsk)

Deres sønn:

Martin Edward Mortenson, født 26.2.1897, død 10.2. 1981. Gift med Gladys Pearl Monroe, født 27.5.1900. Skilt 15.8.1928

Deres datter:

Norma Jean Mortenson, født 1.6.1926, død 5.8.1962


I tiden da Marilyn ble født var det vanskelig å få fastslått farskap. Det fantes ikke DNA-prøver, og ifølge det jeg har lest var hun hele livet usikker på sitt faderlige opphav. Da hun ble født førte Gladys opp Martin Edward som hennes far på fødselsattesten. Yrket hans ble oppført som baker. Martin Edward og Gladys var fortsatt separert, men ikke skilt. Da Martin Edward døde i 1981 ble det funnet vielses- og skilsmissepapirer for ham og Gladys, samt fødselsattesten til Marilyn blant hans eiendeler.

Så kanskje var verdenslegenden litt Håbu?

Linn Vetrhus Lode

R. SKRETTING A/s

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT



Både VIL-bladet (2002) og Vigrestadposten(2009) har skrive om denne verksemda, men Varhaugbuen meiner at "Skrettingen", som vel folk flest på Varhaug seier, bør vera med her og.

Me går tilbake til 1928, då Rasmus Skretting kjøpte eigedomen av Martin Skrettingland. Huset vart bygt i 1918, og seinare påbygt ein etasje. 1947 vart det bygt nytt pølsemakeri og slakteriet vart modernisert. Då Rasmus døydde i 1968, overtok sønene Arthur og Reidar. Arthur døydde brått og Reidar og Rolf tok over verksemda av enka Rakel i 1976.

Slakteriet vart drive fram til 73/74, då dei vart ein del av Jæren off. slakteri på Bryne, som seinare vart ein del av Fatland i 1989.

For unge på Varhaug, er det vel heller ukjent at Skrettingen og hadde slakteri.

I 1979 kom Håvard med. Han tok fagbrev i 82 og meisterbrev i 95.

Då Reidar vart pensjonist i 93, gjekk Håvard inn som eigar med 50%. Same året kom og nybygget med ny butikk og oppgraderte produksjonslokale.

I 2005 tok sonen til Håvard, Reidar, fagbrev som pølsemaker. Han er nå 4 generasjon, som skal føra denne gode verksemda vidare.

Frå starten i 1928, har matvanane endra seg mykje hos folk flest. Før kjøpte folk kjøttvarer som dei skulle steika og laga til sjølv. Nå er det mange som vil ha det enkelt i matlaginga. Då er Skrettingen god å ha, og dei har alltid vore kjende for å ha gode varer. Eg trur det vert slik i ei lita bedrift, der arbeidet vert som "handarbeid", og dei tilsette legg både æra og sjela si i det dei gjer. Det har heller aldri vore noko problem for dei å omstilla seg i frå og levera halve slakt til ferdig surra og



Håvard og Reidar

ferdigsteikte steik. Denne kan ein og få oppskåren + sju

Me må fylgja med tida, seier Reidar, vil folk ha ferdiglaga mat, så må dei få det. Og ferdigmaten berre aukar. Det siste nye er kjøttdeigform. Den er veldig populær for travle arbeidsfolk som kjem innom, og så får dei varm middag med seg ut i bilen. Dei har og heimelaga potetstappe. Om ikkje salet av fiskekakene er av det store, er det og noko me er van med å få hos Skrettingen, i tillegg til lever, kjøttkaker, komle osv. Og så må eg ta med den gode rullepølsa. Eg slutta heilt å laga sjølv etter at eg fekk smaken på Skrettingen si.

Det er og viktig med direkte kontakt med kundane og godt drøs, seier Håvard og Reidar, enten dei er innom for ei pannekake eller to, eller for å henta festmat til ein 50 års dag.

Torsdag til fredag får ein fleskepannekaker – det går ca 500 i veka.

(Under Varhaugmarken går det 1.500)

Fredag er det grillbein, og dei er gode enten ein et dei inne eller ute.

Jærmessa er komledag både fredag, laurdag og søndag. Nytt i år var pølsa. Ei spesialpølse til komlå og ei til "pommfri" og brød. Og her er det ikkje noko oppvarma komle. Det er nylaga komle gjennom heile Jærmessa, så er det er ei travel helg for R.Skretting AS. I år laga dei 3200 komler til Jærmessa!!

Men nå er messa over, og det er tid for klargjering av pinnakjøtt og fernalår. Og når dette er klart får far og bestefar Reidar og ein jobb. Han brukar nokre timar for dagen med å knyta i trådane som desse godsakene skal henga i. Og så er det berre å sjå fram til før julstida..... (Eg får vatn i munnen berre på tanken)

Er folk på Varhaug verkeleg klar over denne "gullgruva" me har midt i sentrum. Her finn du alltid norske råvarer av beste kvalitet enten det gjeld koteletter eller kjøttpølegg av ymse slag.

R.Skretting AS har i dag 8 tilsette utanom Reidar og Håvard, og hadde i 2010 ein omsetnad på ca. 8 mill.

Varhaugbuen seier takk til Håvard og Reidar som tok seg tid til ein drøs i pauseromet, på ein elles travel arbeidsdag.

PS! Har du som kanskje er ny på Varhaug ikkje vore ein tur innom Skrettingen, så bør du absolutt gjera det. Eg kan garantera at det vil du ikkje trega på.

Liv



Frå redaksjonen

Nå har eg berre igjen å verta ferdig med dette nummeret av Varhaugbuen, før eg skal ha ei god veker ferie i Italia. Eg skal på jentetur med Rogaland bygdekvinnelag, og håper på sol og sommar (og ikkje regn). Sjølv om me nå har milde dagar, så er dei ikkje mykje turre. Det er slike gonger eg er glad for at me berre har gras på garden. Eg får mest vondt i magen når eg seg potetstykke som står under vatn, og gule åkrar som verkeleg ser ut til å mistrivast. Men nå er det slik at veret kan me ikkje gjera så mykje med, me må berre godta det som kjem. Men eg kjenner at eg vert litt versjuk av og til, og så eg då som korkje har poteter eller korn, kvifor skulle eg i grunnen bry meg? Men en tenker tilbake ein gong på syttitalet då me ikkje kom utpå raigraset med forhaustaren, og juret på kyrne var fulle av sorpa kvar dag. Eg trur eg hadde regnkjede på meg mest ein månad ved ut- og innjaging av kyrne. Men det kom seg det året, så det vert nok litt turrare nå og.

Nå kan eg snart slappa av og koma i feriemodus. Basaren til bygdekvinnelaget er ferdig, og det gjekk kjempegodt. Nattevakta mi under Jærmessa gjekk og bra, og nå er det berre Varhaugbuen igjen. Det ser og veldig godt ut med mykje stoff for både store og små.

Det neste som står på er årsmøtet til bygdekvinnelaget, men det er etter ferien. Sidan eg er med i valnemnda, er eg nok meir oppteken av dette enn eg vil vera ved. Me treng nye folk, og er det nokon som har lysst å vera med i styret? Får du spørsmål om dette, vær positiv og sei JA.

**BYGDA TRENG LAGET,
OG LAGET TRENG DEG!
EG YNSKJER ALLE EIN FIN
HAUST.**

Liv

**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

Maskinstasjon:

- Skurtresking
- Traktor og dumper

Verksted:

- Salg av landbruksutstyr
- Salg av landbruksdekk/felger
- Reparasjon av landbruksdekk
- Service og reparasjon av traktor og landbruksutstyr



JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim
Kornåvødt - 4360 VARHAUG

Tlf. 51 43 59 00
Mob. 94 82 00 10 / 92 72 00 00

Orkef Direkt

Einar Auestad

utflytta Varhaugsbu



Einar er fødd 05.09.40 og er son til Gjertrud og Elling Auestad på Høg-Jæren. Han vaks opp i ein søskenflokk på 11 gorn. Nå bur han på Tasta etter å ha flytta frå Figgjo i vår.

Einar er gift med Kari og har to born, Anne Marie (42) og Espen (40). Dei har og to barnebarn.

Oppbygging av Coop Høyland og Jæren

Yrkeskarrieren til Einar var med og la grunnlaget for fusjon mellom Coop Varhaug og Coop Høyland og Jæren nå i vår.

Einar vart i 1979 tilsett som disponent (styrar) i dåverande Høyland Forbruksforening. Han var dagleg leiar og dessutan saksbehandlar for den store fusjonen som skjedde. Det var han som la fram sakene for styret og årsmøtet. Fusjoneringa skjedde slik: Før Einar si tid vart Ganddal Samvirkelag fusjonert inn. Men etter at Einar vart disponent vart Dirdal Handelslag, Oltedal Samvirkelag og Hommersåk Handelslag fusjonert inn i 1986. Så kom Kverneland Samvirkelag (1987), Jæren Forbruksforening (1990), Randaberg Handelslag (1991) og seinare Lund Samvirkelag. Samvirkelaga har ofte fleire butikkar/avdelingar.

Einar hadde eit nært samarbeid med NKL sin organisasjonsavdeling i fusjonssaker.

M44 på Bryne

M44 vart opna i 2005. Dette var det siste store prosjektet der Einar var sentra i oppbyggingsfasen. Same året vart han pensjonist. Men heilt fram til 2009 arbeidde Einar ein dag pr. veke på M44. Han var og styremedlem der ei tid.

Fusjonering med Coop Varhaug

I vår fusjonerte Coop Varhaug med Coop Høyland og Jæren SA. – Me på Varhaug vart då ein del av eit stort samvirkelag der ein Varhaugsbu har hatt ei sær sentral rolle i oppbyggingsfasen. Så i denne fusjonen har me all grunn til å kjenna oss heime. Coop Varhaug er nå med i ei stor, solid bedrift. **Me er nå fullverdige medlemmar i alle butikkane i fusjonen**, t.d. OBS på Bryne og OBS-bygg på Brueland. Totalt har me

dermed fått tilgang til eit stort vareutval til gunstige prisar. Bonusen er nå 2% i staden for 1% utan fusjon. – På det ekstraordinære årsmøtet i Coop Varhaug vart det om lag samrøystes vedtak om fusjonering.

-Det er viktig å handla mest mogeleg på Varhaug for å sikra godt vareutval og god lokal service.

Fotball og jobb, hand i hand

Fotball har alltid vore den viktigaste fritidsinteressa til Einar. I oppveksten spela han på Varhaug sitt småguttelag, guttelag, juniorlag og til slutt på A-laget. Han har meir enn 100 A-lagskampar for Varhaug fram til 1962. Einar scora ei mengd med mål.

I denne tida gjennomførte han handelsskulen. Han var og dreng hjå Tor Skretting nokre månader, seinare dreng hjå Harald Skretting på Reiestad i eit år. Elles arbeidde han noko på heimegarden.

Frå 1962 var Einar læregutt på Nærbø Handelslag og spela då 4 år på Nærbø sitt A-lag. Så vart han styrar på Gyland Samvirkelag og spela då 2 år på Flekkefjord sitt A-lag. Slik fortsette han å ha fotballkarriere parallelt med karriere på arbeidsmarkedet. For etter Flekkefjord kom han til Sandeid og vart styrar på Handelslaget der. Då spela han 9 år på Vindafjord sitt A-lag.

I 1979 då Einar vart disponent (styrar) på Høyland Forbruksforening, spela han på Figgjo sitt Old Boys-lag til han fylte 50 år.

Som pensjonist er Einar framleis idrettsinteressert, men for eigen del bare mosjonsidrett.

Ferien er for det meste i hytta deira ved Mandal.

Eirik J. Varhaug

Hå Senioruniversitet

Senioruniversitetet har nå ca. 50 medlemmar og godt frammøte på møtene. Aktiviteten supplerar god aktivitet i andre lag og organisasjonar, men legg meir vekt på undervisning.

Seniorar er ein ressurs for samfunnet, og universitetet skal m.a. vera med å inspirera til samfunnsnyttig innsats på mange område.

I vårsemesteret kåserte Gerda Sviland om «Kvinneliv ved kysten». På eit seinare møte hadde Arthur Løvik foredrag om Arne Garborg.

I haustsemesteret vil Ståle Olsen halda foredrag om «Opstad Tvangsarbeidshus». Møtet vert på Brusand Bedehus torsdag 13. oktober kl. 13. Svein Høyland har foredrag på Jærmuseet torsdag 17. november kl 13. Temaet då er «Kulturhistoria i Hå.»

Møta varer ca 2 timar, med innlagd kaffipause i midten. Det er rom for spørsmål, meningsutveksling og orienteringar.

Medlemmar går gratis, andre betalar kr. 50 for å vera med på møta.

Det kan nemnast at underskrivne er kontakta av ein komité frå Klepp og Time som ønskjer å starta opp «Jæren Senioruniversitet» på Bryne. Hå kan truleg få eit godt samarbeid med dei på Bryne. Det er i alle fall fint at dei der nord vert inspirert av oss i Hå.

Med dette inviterer me til Hå Senioruniversitet. Her er plass til alle som ynskjer å vera med.

Eirik J. Varhaug

Nytt styre i Varhaug Bygdeungdomslag

Fredag 19.08 var det dukket for Årsmøte i Varhaug BU. Det var godt oppmøte, og vi har den glede og fortelle at vi snart har 60 medlemmer!

På årsmøtet vert det kjent at det nye styret består av:

Leder: Magnhild Aanestad

Nestleder: Gunnar G. Skretting

Sekretær, Info og rekrutteringsleder: Ane Eckhoff Varhaug

Dugnadsleder: Maren Iren Kvía

Aktivitetsleder:

Glenn Henning Salte

Kasserer: Lars Aanestad

Styremedlem : Gørild Viland

Styremedlem : Ole Ernst Sør Reime

1 Vara : Olaf Varhaug

Vi oppfordrer alle til å melde seg inn i Varhaug Bygdeungdomslag på facebook, slik at dere kan delta på ulike arrangement, tevlinger, turer osv.

Ane Eckhoff Varhaug

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhalds-lag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Sekretær

Inger Haugstad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H/BU

Styremedlem

Elisabeth Lutsi, bondelaget

Varamedlem

Steinar Malmin, skulekorpset

Varamedlem

Ole Andreas Aarsland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymlekleknad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "*



Bestefar og steinbukken

To jenter frå Varhaug sat og prata saman her forleden. Den eine kommenterte at ho hadde registrert at steinbukken var på plass i Prestakrysset. – Å, sa den andre jenta. – Det har ikkje eg fått med meg. Då eg passerte var det berre sett opp tre stolpar i ein trekant!

Det er ikkje så rart at dei unge ikkje veit kva ein steinbukker. Sjølv om han til og med er til stades i kommunevåpenet, og sjølv om han står til pynt i eitt og anna tun på Jæren. Åra har gått, og steinbukken sine beinharde glansdagar er berre eit bleikt minne hjå dei eldste som lever på Jæren i dag.

Historia må ikkje gå i gløymeboka. For det spinkle stativet med den enkle heiseinnretninga og klypa som er festa til enden på vaieren har løfta meir enn berre grå og kalde steinar opp or jorda. Steinbukken har rydda grunnen for den velstanden som pregar Jæren i dag.

Det er ikkje så mange minnesmerke over slitet til dei generasjonane som ikkje er i blant oss lenger. Ein rokk eller ein steinbukker eller nokre gamle og gulna fotografi kan kanskje fortelje nokre brotstykke om korleis det var å vere varhaugsbu for 80, 100 eller 150 år sidan.

Mine besteforeldre hørte til den generasjonen som måtte slite for føda. Bestefar og bestemor bureiste heime på Tjemsland i 1920. Dei som kan historia, veit at dei ikkje hadde tidene med seg. Å ha kontante pengar mellom hendene i åra mellom 1920 og langt inn på 30-talet var ein sjeldan luksus for mange, og tanken på korleis dei skulle få endane til å møtast kunne ta motet frå sjølv dei unge og modige. Det var knalltøft. I eit forsøk på å skaffe kontantar til ein botnskrappt kasse, prøvde bestefar ein gong å selje ei svært fin kvige. Prisen var det ingen ting å seie på. Han ville ha 50 kroner for det flotte dyret. Kviga vart ståande på båsen. Ingen hadde pengar å handle for.

Dei må ha hatt eit tjora mot, besteforeldra mine. Det hjelpste. Og så budde dei i ei lita bygd der folk prøvde å stille opp for kvarandre. Å få ein velsi-

tuert slektning eller nabo til å kausjonere for eit lån, vart redninga for enkelte. Men det var uhyre risikabelt, for dersom låntakaren ikkje greidde å innfri lånet, kunne det bety ruin også for kausjonisten.

Bestemor og bestefar greidde å ri sjølv dei sterkaste stormane av, sjølv om dei hadde dei fleste oddsa i mot. Då eg tok over garden i byrjinga på 80-talet, betalte eg ned dei siste avdraga på kriselånet som berga besteforeldra mine og den store barneflokk den deira over den verste kneiken. Desse rekningane er blant dei få som eg har betalt med ekte glede.

Det var ikkje finansielle utfordringar som gav bestefar mot og mening med livet. Han ville dyrke jord og bygge fjøs. I vêts og uvêts stod han sterk og stø. I blautmyr eller på seige lyng- og grastuver. Midt i den kalde blåsten på snaue og fattige Jæren. Med spade og steinbukker som viktigaste reis-skap lødde han steingard og grov dreneringsveiter. Veitene sette han med stein. Dei sterkaste minna eg har etter bestefar ligg under bakken. I spadedjupn ligg steinveitene der den dag i dag. Sjølv dagens tunge maskinar, buldrande og ristande oppå grasbakken, greier ikkje å knekkje steinveitene til bestefar. Dei gongene ein gravemaskin har kutta ei av desse grøftene, må eg ned på knea i grøfta og føre armen inn i veita som bestefar sette for 90 år sidan. Det er mine sterkaste møte med ein bestefar som eg aldri vart kjent med.

Arbeidet gjekk ikkje fort, men det var ikkje så farleg. Han hadde, saman med dei andre som dyrka Jæren, eit lengre perspektiv på arbeidet. Kanskje kan det framleis kallast typisk jærisk. Naboen har sitert frå ein samtale han og bestefar hadde. – Eg gjer ikkje arbeidet for meg sjølv eller for sonen min, sa han til naboen ein dag han stod med bøygde rygg i grøfta. – Eg gjer det for Sjur.

Eg var to år då bestefar døydde.

Sjur





Grillkveld på Lerbrekk skule 2. august

Vennelaget for Lerbrekk skule arrangerte den årlege grillkvelden tirsdag 2. aug. Veret var fint og mildt, men sola ville ikkje koma fram. Koteletter, pølser, salat og nykokte "småepler" vart servert, og maten såg ut til å smaka for alle dei 63 som var møtte fram.

Sigbjørn Varhaug ønskte alle dei fremmøtte hjarteleg velkomne. Kveldens program og sanger var tekne ut av omsyn til tragedien den 22. juli, og me starta med å syngja "Gud sign vår konge god" til tonefølgje av "Agnes og dei" med trekkspel og gitar. Etterpå var det nye allsanger som "De nære ting" og "Blåmann, blåmann" og "Vi vandrar med freidig mot". Sigbjørn fortalde om sanger og tekstforfatter og komponister, og kjende og kjære songar gav rom for ettertanke og stille refleksjon, i den fine, milde sumarkvelden, med utsikt til havet og synsrande.

Under matøkta spela 5-manns orkesteret nydeleg musikk, og kaffi og kaker smaka godt etter grillmaten. Så var det igjen tid for å finna fram sangboka og gjera klar for allsang. Me song kjende songar både av Prøysen og Bjørnson og Erik Bye. Dei siste songane me song i saman var "Fager kveldsol smiler", "Alltid freidig når du går" og til slutt "Å leva det er å elska".

Etterpå fekk trekkspelgruppa avslutta kvelden med fin musikk. Folk ville ikkje heim og blei sitjande for å nyta musikken. Det hadde vore ein verdig kveld for samvær, drøs og ettertanke.

Til orientering kan nemnast at sundagskaféane er flytta til kl 14.00, og følgjande sundager står på programmet før jul. Søndag 2. oktober med Vigrestad Pensjonistkor, 6. november med Varhaug skulemusik. Torsdag 1. desember vert det Graudafest kl 19 og Juletrefest onsdag 28.12. kl 18.00.



IH



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllenvn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG *hud- og fotterapi*
v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 - 15



Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)



Varhaug Servicenter AS
Tlf. 51430233 - 4360 Varhaug
www.varhaug-servicenter.no



MOTORSYKKEL

ELGANE



KLUBB

Glenn Moi



Elgane Motorsykkelklubb

– ein klubb i vekst

Speedway

Det har vore en eventyrlig sesong for Elgane sine unge speedwaykjørere. I august skreiv 14-år gamle Glenn Moi norsk speedway historie som første nordmann som har tatt EM-medalje i 80 kubikk. For dei som leser Stavanger Aftenblad hadde avisen en to-siders artikkel om Glenn 18. august – det er gledelig at avisen kan bruke spalteplass på de litt mindre idrettane og.

Glenn fekk sin første moped – med støttehjul – til 3-årsdagen, og siden har det gått slag i slag. Glenn har sammen med sine lagkamerater Lasse Fredriksen og Espen Sundvor og kjørt i dansk serie i mange år. Elgane er glade og takknemlige for samarbeidet de har hatt med Holstebro SK, en klubb som har stort fokus på ungdommen.

Det er ingen tvil om at hele familien Moi, med far Einar i spissen, legger ned utrolig mye i form av tid og ikke minst penger for å følge opp talentet og drømmen til Glenn.

Siste helga i august arrangerte Elgane første og andre runde i Norgescupen. Tredje og siste runde gjekk i Kristiansand på søndagen, og her gjekk det også edelt metall til Elgane. Lasse Fredriksen vant Norgescupen sammenlagt. Bra jobba Lasse!

Elgane MSK speedway har hatt en veldig gledelig økning i antall kjørere de seneste årene og den klassen som har hatt desidert størst økning er Micro 50cc (5-8 år). Klubben har nå registrert 16 gutter og jenter som kjører og trener jevnlig. Noen er som forventet veldig aktive og de reiser på treningssamlinger bl.a. i Danmark for å lære mest mulig om speedway.

Mellom Norgescup rundene ble det lørdag kjørt oppvisningsløp Micro 50ccm. Vi fikk m.a. sjå følgene kjørere fra Elgane MSK; Marthe Sundvor, Jesper Våland, Sara Bjerk, Thea Aanestad Fuglestad, Ragnvald Håland, Børge Elias Andersen, Tor Huth Grøsfjell, Othelia Aniksdal og Benjamin Nodland.

Motocross

Siden siste Varhaugbu har Elgane arrangert første runde i NM, som uten tvil er klubbens største dugnadsløft. Over 80 funksjonærer og flaggvakter var i sving fra fredag ettermiddag til søndag kveld. For ikke å snakke om planlegging og preparering på forhånd.

220 påmeldte og 194 kjørere deltok, og de fleste av disse bodde på anlegget. Speedwaybane og parkeringsplass blir omgjort til leirplass, der bobiler og campingbusser av varierende størrelse står linet opp.

Fra Elgane deltok Christoffer H. Salte i MX 85 Dundrik, Jaran Krag og Tom Eirik Svanes i MX 85 13-15, Silje Vagle i dameklassen, Erlend og Magne Klingsheim i MX2 Junior.

Andre helgen i august ble 3. runde i Vestlandsmesterskapet kjørt på Elgane. Dette er også et stort arrangement med mange tilreisende som bor på anlegget. Et flott gjennomført arrangement – men vi skulle helst sett at flere kjørere deltok.

Rekruttering

Grenen motocross får jevnlig flere nye kjørere, i alder fra 5 år og oppover. Vi har også fått flere nye kjørere som er over 18 år.

Det som er viktig å huske på er at det går faktisk an å trene motocross uten å delta på store løp. Mange ønsker å bruke motocross som en alternativ treningsform, uten ambisjoner om å satse i toppen. Det er kjørere på alle nivå på en vanlig treningsdag. Treningen blir som regel delt inn etter størrelsen på syklene, slik at 85 kjører for seg og de som kjører tyngre sykler kjører for seg. De minste kjører på den lille banen.

Magne Klingsheim har kjørt full EM-runde ute i Europa. I neste Varhaugbu skal han få fortelle litt om dette.

ATV

Vi kommer tilbake med meir om ATV også i neste nummer av Varhaugbuen, men kan nevne at Rune Sveinsvoll fekk ein flott 12. plass i forrige helgs EM runde ATV som gikk i Slagelse, Danmark. Rune hadde 15. plass i 1. heatet og kjørte inn til en fin 10. plass i 2. heatet. Rune er også tatt ut til å delta i Lag EM ATV som går av stabelen i Tyskland siste helgen i september.

Klubbløp

Det blir arrangert klubbløp for alle grener TIRSDAG 20 september, fra kl. 1700. En fin anledning for Varhaugsbuen til å sjå kva som skjer på Elgane, eit av Norges flottaste anlegg.

Elin H.



Jærmessa

Messa hadde 25 års jubileum, og utanom den gode komlå til Skrettingen, var det noko for ein kvar smak. Varhaug skule stod for underhaldninga fredag, og dei var utruleg flinke. Her er eit lite knippe bilete frå korsong, rapping og luftgitar. De var kjempeflinke!

Inne i teltet kunne ein drøsa med politikarar eller andre, det var høve til smaksprøver hos Coop eller ein kunne snoba litt sjokolade.

Pippi Langstrømpe er alltid populær, og eg fann og ein lokal variant, her samen med tvillingbroren.

Til tyder var det eit ufyse ver med kraftige regnbøyer og kraftig vind. Men til tross for dette såg folk ut til å kosa seg.

Eg snakka med leiaren i idrettslaget etter messa, og han kunne ikkje skryta nok av dugnadsinnsatsen, både før, under og etter messa. Utan alle dei frivillige hadde det aldri gått! Varhaug Idrettslag vil her gjennom Varhaugbuen takka alle som på ein eller måte var med - og nok ein gong - fekk Jærmessa vel i hamn.

Liv





Jan Harald Ånestad Urdal



Trond Varhaug



Vinnar av klassen 0-7år; Mikkel Skretting

Ku utstilling kalvemønster p



Helga Skrettingland vaskar og pussar kua som skal visast fram



Varhaug Bondelag har mange gode bønder som stiller opp og hjelper til å få inn og ut kyr. Ikkje alle er like samarbeidsvillige. Her er det Per Kristian Haarr og Tarald Ånestad som baskar med ei stridig ku.



Stortingsrepresentant Geir Pollestad delte ut diplom til Miss Jæren 2011, kua Oddrun frå Tunheim. Eigar av kua er Kåre Sigurd Undheim



Silje S. Aase

g og ring å Jærmessa

Foto: Kristin Søyland



Regine Varhaug



Sven Tobias Ueland



Chiliburger ^{NY!} med ost&bacon



TIPPING
WWW.NORSK-TIPPING.NO



BØEN STORKIOSK

S P I L L O G K I O S K V A R E R

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55

Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30
Søndag 10.00 - 22.30



Hå skulesjakk

Fortsatt har me ikkje spelning i gang på Varhaug,-men dersom nokre vil vera interessert, så vil me starta opp ei gruppe her og, antakeleg etter jul.

På Vigrestad spiller me sjakk på torsdagar kl 1730-1845. Me held til i det gamle biblioteket, (ved jernbanen) i dei nye lokalane som no er "kulturtorget Vigrestad". Første gongen i haust var 1. september.

I fjor starta opp skulesjakk på Nærbø. Det er tysdagar 1730-1845 på Bø skule. Det vil me prøva på i haust og, med start 27. september.

Helga 16-18. september er det NM for lag i Stavanger. Ein håper det vert ny rekord i deltaking, og me i Hå Skulesjakk vil vera med to lag, eit i ungdomsklassen og eitt i barneklassen.

For Vaksne er det tilbod om å kome til Hå kulturtorg, Vigrestad på torsdagar etter skulesjakken, frå kl 1900 til 2100. Då er det nokre gubbar som spelar.

Det er ein del forskning kring sjakk og personlegdomsutvikling. Og den viser at sjakk er sunt. Sjå Rogaland sine internettsider for sjakk, <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/sjakkiskolen.htm>

Med sjakk helsing frå Per-Arvid

HEAVY METAL THUNDER



11. november 2011 kl 1900 smeller høstens tøffeste RockHeavy-konsert i gang på Varhaug skule. Skulekorpset og Kjell Gudmestads gitarelever dunker ut et knippe klassiske rock- og heavylåter fra 70-tallet og framover. Vokalist er Frank Robert Andreassen, kjent som skuespiller, instruktør i Musikal i Kulturskulen og som vokalist på CD'n, Sult - Jeg har det. Det blir råde riff, larmende lyd og spjærende lys. Ta på det lange håret og kom - husk ørepropper!

Lars Ole Bergersen

Ånestadvegen

Det har dette året vore mykje arbeid i denne vegen, og grapse har det vore, og mange gonger har vegen vore heilt stengd. Men nå ser det betre ut. Om ikkje alt er ferdig endå, så er det lenge etter lengta sykkelskuret v/Bøen endeleg på plass. Flott!

Krocket

Lerbrekk skule har ein fin krocketbane, men det er ikkje ofte eg ser nokon som brukar den. Her ein kveld då eg for forbi, måtte eg berre stoppa for å drøsa litt med spelarane. Nokre av dei var ikkje så veldig røynde, men at dei kosa seg var sikkert.

Folkepulsen

Folkepulsen starta opp etter ferien med ei gruppe for "nybegynnere" torsdagar kl.19.30. Dei andre treningsdagane er: Mandagar kl. 18.30 (over middels intensitet) og onsdagar kl.19.30 (middels intensitet).

All trening er i gamle salen på Iden. Treninga er gratis.

Har du spørsmål om treningane, kan du ringa:
Lars Erling Friestad 415 32 643
Hildegunn S. Husvegg
992 14 806 eller
Åsbjørn Ueland 902 18 414



Bokkafé

- på Varhaug bibliotek

Biblioteket på Varhaug med leseentusiast Kjersti Torbjørnsen arrangerte bokkafé torsdag 1. september kl 18.00. 9 stk. hadde møtt opp, og me fekk ein interessant og engasjert gjennomgang av 10 bøker som Kjersti Torbjørnsen hadde lest, og som ho ville formidla interesse for vidare til oss.

Det er spennande å høyra ei som brenn så for bøker, lesing og vakkert språk. Ho formidla sine opplevingar med bøkene på ein energiske og inspirerende måte. Me som var til stades fekk mest lyst å hiva oss over alle bøkene som vart presenterte, så etter presentasjonen vandra alle rundt for å finna seg noko nytt lesestoff.

Ei oppmoding til Varhaugfolk! De må nytta det flotte, nye biblioteket på Varhaug skule. Det er ope 5 dager i veka, og tre ettermiddager til kl 19.

Her er alltid nokon kunnskapsrike ansatte ein kan be om råd. Leseråd og anbefalinger er alltid synlege, og det er inspirerende og gildt å vitja biblioteket.

Dei neste Bokkaféane er 6. oktober, 3. november og 1. desember kl 18.00. Møt opp og få leseinspirasjon!

ih



Steinbukken i Prestakrysset

Endeleg er den på plass. Eg var der oppe den dagen dei heldt på med fundamentet. Sjå kva ein kan få ut av noko som vel byrja som ein spøk. Dette er kjempegildt, takk skal du ha Kurt, som sette dette i gang.

Liv



Coop Varhaug

Fra Coop Mega:

Smågodt

pr. hg

kr **7,90**

Ringnes Eplemost

pr. flaske 0,33 ltr

kr **4,90**

Stort 10-kroners torg i butikken

Fra Byggmix:

Mascot Naturdyner

140 x 200

kr **299,-**

140 x 220

kr **329,-**

coop

Varhaug ba

coop

byggmix

Alle våre avdelinger

har nå åpent

hverdager 8-21 og

lørdag 9-18

Velkommen innom!

Nytt frå Misjonshuset

Så er hausten her enno ein gong. Og aktivitetane på misjonshuset er i gang for fullt. Yngreskor og minikor starter opp att,- og dersom du har lyst til å vere med, så er det plass til fleire. Minikoret øver på måndagar frå 1715 til kl 1800, yngreskoret også på måndagar noko seinare.

Og for ungdomar er ungdomskoret i gong på tysdagar.

For deg som er vaksen er det høve til å vere med å syngja i musikklaget som øver tysdagar i oddetalsveke frå kl 2000.

Sundagsskulen har starta opp att, og det er på sundag kl 1030.

For å sjå **møteprogram og få informasjon** om det som føregår på Misjonshuset, vil eg visa til internettsida til Misjonshuset: www.varhaug-misjonhus.no

Det er **kontortid** måndagar og torsdagar kl 1900-2100, og telefon er 51430808

På nettsida er Misjonshusbladet lagt inn som PDF-fil, og dermed kan det lesast av alle som har Adobe Acrobat reader på PC'en. (Og det programmet er gratis og kan lastas ned frå Adobe)

16. September kl 1900 vert det misjonshusbasar. Talar vert Odd Narve Grude, og det vert kveldsmat. Hovudgevinstar vert sykkel og maleri. Og det vert åresal med kaker og fruktkorger som gevinstar. Det vert no ikkje lagt opp til at lodd vert selde på dørene rundt om i bygda,- det har vore sal på handelslaget og på Spar.

På Misjonshuset er me i gong med å modernisere matsalen, me startar med stolane som no får nye puter og rygger, dei vert stilig grå, medan dei gamle røde er moden for skraphaugen.

Me har hatt **mykje klagar** på uvetting bruk av bil på parkeringsplassen, råning og spinning. Styret arbeider med tiltak for å få bukt med slik kjøring, me håper at me kan unngå å ha videoovervaking. Ein ser gjerne at politiet får melding med bilnummer når uvetting kjøring vert observert.

I haust vil det verte **julemesser** som vanlig i november, 18-19/11 er del Misjonssambandet si messe, og 25-26, november går Misjonsselskapet si messe av stabelen.

Elles er det no fast at annankvar søndag kl 1930 er det felles møteopplegg som kallas "SUNDAG", med mykje lovsong og ein enkel tale, kaffe og frukt, og forbønn. Eit spennande konsept, der ein rød tråd er årets tema "2011 - Eit liv med Jesus"

Misjonshuset har ved fleire høve annonsert og lett etter ein person som kan jobbe som ungdomsarbeider i ein deltidstilling. Dersom du som les dette kjenner ein som kan tenke seg ein slig jobb, så vil me be deg ta kontakt, f.eks ved å sende ein e-post til post@varhaug-misjonhus.no

Når det gjeld post, så vil me få til ein postboksadresse for Misjonshuset, for post adressert til Misjonshuset på gateadressa Ånestadveien 21 kjem ikkje alltid fram.

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING

ÅNESTAD
MASKINSTASJON

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

NORGESHUS
Varhaug

jonharald@norgeshus.no



Solarium
"Det er stor helsegevinst med et godt B-vitamin-utvalg"
Hipp & Sids Salongen AS
Kerastase L'Oréal
Dame & herreklipp
RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18

Mange gonger har det vore diskutert i styret for Varhaugbuen at dette skulle presenterast for lesarane. Det har det vorte lite av, men her kjem det noko. (Ei god begynning, så kjem dei andre kanskje etter kvart)

Elisabeth Lutsi

heimflytta Varhaugsbu



Elisabeth Lutsi er 39 år, og dotter til Karsten og Ingrid Ueland. Ho er gift med Paul Kenneth frå Sandnes, og dei har 3 born; Svein Inge 9år, Karsten 7 år og Solfrid 4 år.

Då ho var ferdig med skulen på Varhaug, vart det folkehøgskule i Bergen, og seinare Helse og Miljø i tillegg til Vinterlandbruksskulen.

Paul Kenneth var odelsgut frå Skjørestad, og der vart Elisabeth bonde mens hans var utarbeidande.

Elisabeth har 6 søsken, og det var det yngste broren Leif, som tok over heimegarden på Ualand. Etter ei tid ville ikkje han vera bonde lenger, og Elisabeth og mannen fekk eit par månader til å bestemma seg for om dei ville overta. Valet var enkelt, og i mars 2010 var dei bønder på Ualand og ikkje på Skjørestad (der jorda nå er bortleigd).

Elisabeth seier at på Skjørestad var ho drengen til Paul Kenneth, men nå er han drengen hennes. Elisabeth har nemleg ein 60% stilling i Tjemslandshagen Barnehage.

Travelt med å vera litt bonde i tillegg, men det går som regel godt.

Dei trivs veldig godt på Ualand, der dei driv mel melkeproduksjon, og ho har aldri angra ein dag på at dei vende nasen heimover igjen.

(Ho ville nok heim og sjå ein solnedgang på Jæren)

Elisabeth vart med i bondelaget, og vips var ho bondelaget sin representant i styret for Varhaugbuen. Ho var ny i år, og ikkje røynt styrevervet så veldig, men seier det er veldig gildt å vera med der ho og møter folk frå andre miljø.

Varhaugbuen takker for drøset, og kan berre skriva under på at ho er eit friskt innslag i styret.

Liv

Min kjæreste venn, Asta M. Auestad, og jeg er veldig glad i å gå turer med fotoapparatene våre.

Da Asta er født og oppvokst på Varhaug, er det lett å legge en del av turene våre dit og distriktene rundt. Et yndet motiv for oss begge er Varhaug gamle kirkegård med det vakre kapellet.

Bildet er tatt av Asta 17. august i år ved solnedgang, og jeg synes dette er så vakkert at det må deles med andre.

Ole Johannessen



Varhaug



Hunda- og hestalort i sentrum

Fleire personar har kome til meg og sagt at nå måtte Varhaugbuen skriva litt om denne lorten som er overalt i sentrum.” Skal eg lufta meg, må eg gå og sjå ned i vegen i staden for å sjå på alt det fina rundt meg ” var det ei dame som sa. ”Ikkje så gale med hundalorten, den er nå liten, men tenk på dei muene hestane legg etter seg” sa ein annan.

Når ein luftar hunden er det jo enkelt å ha med seg ein pose, men kva med hesten. Kanskje burde den vore utstyrt slik me ofte ser ute i verda der det er hesteskyss i gatene? Men det er vel vanskeleg å få til for dei som rir. Men etter rideturen må det vel gå an å fjerna lorten.

Slik det er nå kan me ikkje ha det. Lort frå begge dyra kjem mange gonger heilt inn i butikkane.

Liv Hobberstad



Frå rv. 44

Er det nokon som kan forklara kvifor skilta på Buevegen ser annleis enn det skiltet ein ser når ein kjem frå Håland.



Frå Bue

Eg trudde at eit kryss var eit kryss, men det ser ikkje slik ut.



Frå Nærbø

Få personlig fargerådgiving gratis hos Fargerike

Tilbudene gjelder fra 14.-17. september 2011



FARGERIKE



Litt frå bondelaget

Årsmøte

Varhaug bondelag har årsmøte på Lerbrekk skule torsdag 20. oktober kl. 19.30. "Den nye Harboen" Olav Sande vert med.

Elles vanlege årsmøtesaker og god mat.

Jerninnsamlinga ga lite i kassen dette året. Ole Andreas lurar på om bygda er tom for jern, eller er det berre slik at folk ikkje møter opp?

Neste år vil det difor ikkje verta noko organisert innsamling av jern frå bondelaget.

BU sin landsleir på Nærland. Her hadde bondelaget 12 vakter, og alt gjekk bra. Ein takk frå styret til de som var med.

Elve- og bekkelaget har og i år hatt tilsyn med vassdraga i bygda. Som ei påskjøning og takk for dette arbeidet, spanderar bondelaget ein middag på Holmavatn.

Bondekafe vil det verta ein gong utpå hausten på Internatet. Dette vil verta annonsert.



Frå Håland

Kjem ein frå Nærbø på Opstadvegen er det ingen skilt som viser at ein kjem til ei rundkjøring.

red.



Grill og volleyball ved internatet



Mandag 22. august var det igjen duka for 4H møte, etter ein lang og god sommerferie. Om lag 30 glade 4H-arar møtte opp utanfor internatet. Her spela ein god gjeng volleyball, medan andre tok i bruk fotballen og kubbespelet. I tillegg til dette hadde aspirantmat-gruppa klubbaktivitet, der dei laga smoothie som alle fekk smaka på. Ruth Alice, med prosjektet Matstell hadde laga ein grov variant av pinnebrøddeig som me hadde på grillen saman med resten av grillmaten. Ho hadde med seg ulike typar fyll som sukker/kanel, bacon, ost og skinke, og forklarte korleis ein enkelt kunne laga gode variantar av pinnebrød. Dette falt godt i smak, og medlemmane koste seg rundt grillen. Eit vellukka møte, der ungane aktiviserte seg sjølv med det dei ønskte. *MHS*



Kjempefin



Laurdag 6. august var vel den finaste sommardagen me har hatt i år, så sandeleg var Hans Åsbjørn og Snefrid heldige med veret, då dei hadde gratis konsert i hagen.

”Vind i Garhol” og ”lappeteppe” var i storform, og dei leverte – saman med ein frisk og opplagd Tobias Skretting – ein flott ettermiddagskon-



sommarfest



sert. Mykje folk, både store og små var samla, og dei kosa seg både med musikk, song, drøs og god grillmat. Dette var gildt Hans Åsbjørn, det kan du godt gjera ein annan gong og. Eg kosa meg veldig, men me kunne godt betalt ein liten inngangsbillett, for dette gjekk du vel ikkje ut med?

LH



Nabotreff 2011

Så koseleg å koma saman. Me er nokre naboer som kvar sommar prøver finna eit tidspunkt då det passa for dei fleste. I år vart "lagleg ver" den store utfordringa. Så det heila vart nokså "på sparket".



Torsdag 11. august var det me på Komlavodl som inviterte, med Karin og Jan Gunnar Undheim i spissen. Grillen var klar halv sju, sola skein, tempraturen var god og folket kosa seg i lag,-det har vore smått med grillver i det siste.

Sigbjørn V.

SPARING

Opprett en spareavtale i dag!

Våre rådgivere har god kunnskap om ulike sparealternativer, og vil gi råd basert på dine ønsker og behov.

Ta kontakt på telefon 02002 eller se www.sr-bank.no for mer informasjon.



Bank. Sparing. Og deg.

SpareBank
SR-BANK 1

Internasjonalt 4H besøk på Hobberstad



12. august fekk Elin besøk av ein frå USA , seks (5 + leiar) frå Petrozavodsk i Russland, to frå Sogn og Fjordane + Kathrine og Elin Lode m.fl. frå Rogaland.

Dette samarbeidet var det 4H i Sogn og Fjordane som hadde fått i stand etter Nordisk Leir for 2 år sidan . Etter den tid har 4H arar frå Rogaland vore i Russland 2 gonger, og nå var dette ein gjensisitt. Gjestene, som budde i Turistforeninga si hytte

på Gramstad, hadde nå vore her ca 1 veke og ein del av målsettinga med opphaldet i Norge var å læra om demokrati. Seinare vart dei innkvarterte privat

På turen til Jæren hadde dei vore på Hå gamle prestegard, og dei skulle til Jærmusèet etter at dei hadde vore på Hobberstad. Dei fekk og med seg tomatfestivalen på Finnøy + båttur il Lysebotnen.

Elin hadde akkurat den dagen fått 20.000 daggamle kyllingar, og desse var eit ynda foto objekt gjennom kontor glaset i kylling huset.

Dei var og innom og såg på ungdyr og kalvar, før det var tid for litt saft/ kaffi på verandaen, der Elin og fortalde om drifta på garden.

Eg trur det dei vart mest overraska over var at det var ho som var bonden på garden.

Gildt med dette besøket på ein fin augustdag. Elin hadde meir enn nok med å fortelja å svara på spørsmål, så det vart eg som fotograferte.

Liv



Årsmøte



Varhaug bygdekvinnelag har årsmøte på Velferdssenteret torsdag 25. september 2011 kl. 19.30. I tillegg til dei vanlege årsmøtesakene, får me verta kjende med nestleiareren i fylket; Anne Else Mæhle, som vil ta for seg aktuelle saker. Elles vert det opplesing, litt å bita i og åresal.



Hå Senioruniversitet Haustsemesteret 2011

Hå Senioruniversitet har møte på Brusand bedehus torsdag 13. oktober 2011 kl. 13.00. Foredrag av Ståle Olsen. Tema Opstad tvangsarbeidshus Kaffi og litt å bita i Spørsmål og meningsutveksling. Orienteringar Velkommen Medlemmer gratis, andre kr. 50
Styret



Hå Senioruniversitet har møte på Jærmeseet torsdag 17. november 2011 kl. 13.00 Foredrag av Svein Høyland. Tema: Kulturhistoria i Hå.



NBU's Landsstevne



Speed dating



På vei til konsert

**"Sann
i mydlå
tædene"**

2011

Maskotane



Sommaren 2011 så var det endeleg Rogaland sin tur til å arrangera Landsstevne igjen. Valg av sted vart tidleg bestemt. Nærland vart plassen, samme stad som det vart arrangert i 1991, altså 20årsjubileum. Det vart også arrangert eit anna Landsstevne i 2003 på Øksnevad i mellomtida.

Før landsstevne startet var det årsmøte i Norges Bygdeungdomslag på Orre. Her var bl.a. Varhaug Bygdeungdomslag nominert til den gjeve aktivitetsprisen, men nådde ikkje heilt opp.

Årets Landsstevne hadde «en dag på stranden» som tema. Dette fordi badebussene til dei fine jærstrendene som vart satt opp på LS i 2003 var så populære, og dermed falt valget på å ha Landsstevne i nærheten av ei av desse. Som nevnt ovenfor falt valget på Nærland av naturlige grunner.

Varhaug BU stilte godt opp på dugnad i forkant med å hjelpe til å bygge leir. Og var mannsterke i antall stevnedeltakere.

Med tanke på at Landsstevne vanligvis skal arrangeres i uke 29, så var me utruglig heldige som flytta det fram ei veke til uke 28 med tanke på veret. Me hadde så å sei sol heile veka, og utpå kvelden på avreisedagen så åpna himmelen alle sluser og det rekna vel omtrent heile den påfølgande veka.

Varhaug BU hadde ikkje så mange tevlarar i år, og tok heller ikkje heim nokre tevlingspremier. Men me hadde med godt halve laget til det eine

Rogalandslaget som tok heim 1.plass i fotballturneringa.

Me var også godt fornøyd med veteran-vorspielet som me hadde før torsdagens konsert med Staut, der meir enn 100 «veteran» BUarar i alle aldre mellom 30 til over 60år hadde tatt turen ned til Nærland for å treffa gamle kjente.

Siste kvelden med Stage Dolls konsert trakk meir enn 500 personer utenom dei nesten 900 stevnedeltakarane.

Sjølve Landsstevne som gjekk forholdsvis knirkefritt står igjen som et av de best gjennomførte Landsstevna i nyere tid og dette hadde me ikkje fått til uten god dugnadshjelp. Ønsker gjennom Rogaland BU, Varhaug BU og HK 2011 å takka alle som har hjulpet til med stort og smått både i forkant, under og etter stevnet.

Varhaug Idrettslag lånte oss ca 50 bord og 50 stoler, og Jærentreprenør kjøpte inn 200 m2 med forskalingslemmer til underlaget for danseplattingen. Takk for det.

Olav Varhaug



“Hot stone” massasje terapeut



Tina Rolfe

I Dysjalsandsvegen, der Ingvald Nord-Varhaug budde, har Tina Rolfe og mannen Adrian budd dei siste 4 åra. Tina har utdanning frå England i 2001(qualified therapist) i ymse former for massasje, Hot Stone, baby og til og med hund og hest, i tillegg til aromaterapi. Etter den tid har ho og oppdatert seg på fleire av felte. Ho arbeidar nå 3 dagar i veka i Helsehuset på Bryne (tidlegare apotek Vibben), der ho leiger rom for arbeidet sitt. Planen og draumen er å få til noko heime i Dysjalsandsvegen. Tina er 43 år, og har vore i Norge i 5 år. Mannen som arbeider i Heli One, tidlegare Helikopterservice, har vore eit år lenger. Dei syns dei har fått seg ein fin plass på Varhaug, sjølv om dei har fått vel mykje vatn inn i huset den siste tida. Gamle hus attmed ei å, er ikkje akkurat av det beste.

Drøset gjekk på engelsk, og skrivinga på norsk, så det vart helst noko i hytt og ver. Tina forstår ein del norsk, og ho har og lyst å læra seg språket, men det er ikkje alltid like enkelt. Når folk ikkje forstår kva ho meiner, og dei skjønar ho er engelsk, så slår berre dei og over til engelsk.

Liv

Er det nokon som treng litt massasje i ein stiv rygg, vond nakke e.l. så er det berre å ta kontakt på tlf. 47 60 07 51 arb eller privat 93 28 97 01

Flytt sparepengene dine til oss!

Våre åpningstider

Mandag, tirsdag, onsdag og fredag:

Torsdag:

kl. 09.00-15.00

kl. 09.00-17.30

TIME  **SPAREBANK**
- for Jæren

Rådhusgata 3 - Postboks 83 - 4368 Varhaug - 51 79 83 00
www.time-sparebank.no



Stoff-frist

Neste nummer av Varhaugbuen skal ut i veke 47 2011. Stoffrist er 10. november. Dette kan de enten senda direkte til: livhob@online.no eller berre leggja det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer.



Strikke kafeen

Til bygdekvinnelaget er nå i gang etter ferien. Er du interessert i spød, så kom og vær med oss på Velferdssenteret første mandagen i månaden kl. 16.30. Me er ein triveleg gjeng som samlast rundt både gamle og nye oppskrifter.

Helsing Aud

Bunadskurset

til bygdekvinnelaget starter onsdag 14. september. Det er plass til fleire. Ta kontakt med Liv viss du er interessert.



Basaren til bygdekvinnelaget

Det vert ingen basar utan gevinstar og dei som kjøper lodd. Og her kan eg ikkje skryta nok av næringslivet på Varhaug, som år etter år tek imot Liv på ein så flott måte. Liv seier ho kjem nok til å tigga etter gevinstar neste år og, for det er berre gildt når ho møter så mykje givarglede og positive mennesker. Og så alle de som opna pengetaskene og kjøpte lodd; tusen, tusen takk! Dette er ein av dei beste basarane me har hatt, og overskotet frå den går alltid tilbake til bygda på ein eller annan måte.

Nok ein gong: tusen, tusen takk både for gevinstar frå næringslivet og medlemene og ikkje minst takk til loddkjøparane. Det gir oss i styret ein ekstra puff til å stå på vidare for laget.

Helsing Varhaug bygdekvinnelag v/leiarer Aud Håland

Referat frå basaren

Torsdag 25 august hadde vi vår årlige basar på Varhaug velferdssenter.

Aud Håland ønsket velkommen, og etter litt sang gav hun ordet til Kjellaug Aanestad Varhaug som fortalte fra nordisk husflidsleir på Island.

De hadde vært i en liten by oppe i nord i en hel uke. Foruten forskjellige husflidskurs hadde de fått med seg mange flotte turer og mye historie.

Hun viste en del bilder, og det var mye fint som ble laget. Ca 150 deltakere, både barn og voksne. Det hadde vært et kjempefint opphold.

Liv Hobberstad leste et lite stykke "Streb etter det gode liv", og etter litt allsang var det tid for matpause. Kaker og litt påsmurt sto på menyen. I pausen ble det solgt lodd og årer, og folk kjøpte villig vekk.

Liv Hobberstad hadde vært rundt og samlet inn gevinster fra næringslivet i Varhaug, og hun hadde fått inn mange flotte gevinster. Noen gevinster ble også gitt av lagets medlemmer.

Etter trekningen avsluttet vi med litt allsang. Irene Helleland og Agnes Sikveland spilte til allsangen. De er ikke vanskelige å be.

Det var en hyggelig kveld og godt med folk.

*Ref.
Britt Skretting
Varhaug bygdekvinnelag.*



**Velkommen innom
til ein trygg handel!**

NB! Utstyret følger ikke med



butikken

Mollevæien 2-4 - Varhaug - Tlf. 51 77 14 70

www.mer enn du tror.no



VVS EKSPERTEN
DET ER LØSVEGGEREN DET KOMMER AV PÅ



RØRLEGGER TEAM AS

Opstadvegen 621, Varhaug • Tlf. 51 79 83 10

Mandag til fredag 07.00 - 16.00
Lørdag 09.00 - 13.00